

31 millionar i Skattefunn-kompensasjon

Konkurransetilsynet har no handsama alle søknadene om Skattefunn-kompensasjon for åra 2002, 2003 og 2004. Til saman vil det bli utbetalt over 31 millionar kroner til meir enn 300 s kjarar.

Konkurransedirekt r Knut Eggum Johansen er glad for   vere i m l med prosjektet.

– Arbeidet med kompensasjonsordninga har vore utfordrande. Dei samla krava fr  vel 360 s kjarar gjekk langt utover den opphavlege budsjettramma, fortel Eggum Johansen.

S kjarane fall i to kategoriar: dei som hadde sett fram krav om skattefr drag for den ul nte arbeidsinnsatsen i sj lvmeldinga utan   f  fr drag, og dei som ikkje hadde sett fram slike krav. For den f rste gruppa blei s knadene avgjorde f r sommaren. Det blei gjort vedtak om utbetaling i 49 saker, og den samla kompensasjonen til denne gruppa var om lag 6 millionar kroner.

I den andre kategorien – dei som ikkje hadde sett fram krav i sj lvmeldinga – kom det inn om lag 300 s knader. Dette var langt fleire enn forventa, og Konkurransetilsynet kunne ikkje fatte vedtak om kompensasjon til s kjarar i denne gruppa f r den endelege budsjettramma var klar.

L yvinga fr  Fornyings- og administrasjonsdepartementet vart stadfesta 18. oktober, og fredag 27. oktober sende Konkurransetilsynet ut 257 vedtak til s kjarar i denne kategorien. Den samla kompensasjonen til denne gruppa er p  over 25 millionar kroner.

– Skattefunn-sekretariatet har gjort ein framifr  jobb med   handsame alle desse s knadene. Vi er glade for at vi no er kome i m l med dette prosjektet p  ein god m te, seier konkurransedirekt ren.

Utbetaling av kompensasjon etter desse vedtaka vil bli sett i verk n r klagefristen p  tre veker er ute, eller – om s kjaren klager p  vedtaket, n r handsaminga av klaga er avslutta. Det kan g  nokre dagar fr  utbetalinga blir sett i verk til pengane er inne p  s kjarens konto.

Fakta om Skattefunn

Form let med Skattefunn-ordninga er   auke forskings- og utviklingsinnsatsen i n ringslivet. Ordninga gir delvis skattefr drag for kostnader til forskings- og utviklingsprosjekt etter n rmare fastsette reglar. Skattefunn vert administrert av Noregs forskingsr d i samarbeid med Innovasjon Noreg.

Les meir om Skattefunn p  www.skattefunn.no.

Fakta om kompensasjonsordninga

Kompensasjonsordninga for ul nt arbeidsinnsats er eit avgrensa prosjekt som gjeld tidlegare godkjende Skattefunn-prosjekt for  ra 2002, 2003 og 2004, der ul nt eigeninnsats ikkje har vore inkludert i fr dragsretten. Stortinget vedtok kompensasjonsordninga i juni 2005. Det rettslige grunnlaget for kompensasjonsordninga er f resegn av 7. februar 2006 om kompensasjon for ul nt arbeidsinnsats i Skattefunn-godkjende forskings- og utviklingsprosjekt for inntekts ra 2002, 2003 og 2004.

Fristen for   s kje kompensasjon gjekk ut 7. april 2006.

Kva skjer vidare?

Stortinget vedtok ogs    innf re ei tilskotsordning for ul nt arbeidsinnsats i Skattefunn-prosjekt som har godkjenning for 2005. Ei slik ordning m  godkjennast av EFTAs overvakingsorgan ESA. Dersom ordninga blir ein realitet, vil ho bli administrert av Noregs forskingsr d som del av den ordin re Skattefunn-ordninga.

Det er f rebels ikkje l yva pengar til denne ordninga etter 2005.

Sj  www.skattefunn.no for meir informasjon.